



NORSK OLJEMUSEUM


ÅRBOK 1998



NORSK OLJEMUSEUM

Jone Johnsen

1943–1998



Jone Jonsen vart berre vel 55 år. Han var født den 22. april 1943 på Stavanger Sjukehus, faktisk midt under eit bombeangrep – og som den yngste av ein syskenflokk på tre. Han vart akademikaren i denne vesle familien. Og han døydde heime i si eiga stove den 7. juli 1998. Desse to datoane – 22. april 1943 og 7. juli 1998 – er rama kring eit aktivt og til tider strevsamt, men innhaldsrikt liv.

Dei fleste av oss kjenner nok først og fremst den offentlege Jone. Truleg var det færre som kjende den private Jone. Eg skal etter fattig evne prøva å seia noko om dei begge.

Til han var 14 år, vokste Jone opp i landlege omgivnader oppe på Vålandshaugen. Men i 1957 kunne familien flytta inn i nybygd leilighet i Robert Scottsgate, der han også sjølv seinare, saman med Ingrid og døtrene Kjersti og Ane, skapte sin eigen trivelege heim.

Etter artium i 1962 var Jone lenge borte frå Stavanger, godt over eit tiår, for det meste i Bergen – både som student, og som studentleiar. Det var i denne tida den offentlege Jone stod fram med full kraft. Han var ein av nøkkelpersonane i kampen mot den såkalla «Ottesen-komiteen» og i den demokratiseringsprosessen som gjekk føre seg ved Universitetet i Bergen i åra 1968-1969. Ennå idag får tidlegare medstudentar ein eigen glød i augene når dei tenkjer tilbake på Jones innsats på barrikadane, både som organisator og som agitator i desse to merkeåra i norsk universitetshistorie.

Han kom til å bli kjend for sine organisatoriske evner også seinare, men det var først og fremst humanist han var. Difor enda han då også opp med mellomfag i både historie og filosofi ved sida av den magistergraden han tok i arkeologi med ei avhandling om helleristningane i Rogaland. Få kjenne vel roglandsristningane som Jone. Me skal ikkje gløyma at det var arkeolog han eigentleg var. At han seinare som museumsmann derimot har forvalta deler av vår aller nyaste historie – oljehistoria – fortel om ein fagmann med eit breitt perspektiv og med evne til raskt å tileigna seg nye arbeidsfelt. Han var i mange år sentral i ei gruppe av norske museumsfolk som arbeidde med industriminne og tekniske kulturminne.

Eg har desse siste dagane reflektert mykje over kva som kan nyttast som ein samlande karakteristikk på Jone, og har kome fram til at ordet re-

flektert kan vera ein slik samlande karakteristikk. Han var ikkje berre oppteken av det utvendige ved faget sitt, men også det grunnlaget me driv den faglege verksemda vår på. Og han gjekk ikkje på lettkjøpte løysingar. Sjølv opplevde eg dette nokså sterkt i studietida ikring 1970 då Jone tok initiativ til felles seminar mellom arkeologane og filosofane i Bergen. Denne koblinga mellom det me med fine ord gjerne kan kalla praksis og ideologi, har prega Jone si verksemd i alle år sidan og forklarer den store breidda i kunnskapen hans, i kontaktnettet hans og aktivitetane hans.

Fra 1976 delte Jone arbeidskrafta si med eit halvt konservatorårsverk på Ullandhauggarden og eit halvt konservatorårsverk på Rogaland Folkemuseum som då nett var kome inn under den såkalla offentlege tilskotsordninga. Han kasta seg straks inn i begge rollene med stor kraft, noko med allereie kan lesa ut av dei første årsmeldingane for begge musea. Han fekk heile fylket som arbeidsfelt, men «jentene hans» ser likevel med glede tilbake på travle «feriedagar» på Kolbeinstveit eller på Grødalstrand.

Då Rogaland Folkemuseum vart omorganisert og Norsk Oljemuseum vart etablert i 1980, fekk han stillinga som leiar ved oljemuseet. Og han var framleis tilsett i full jobb der då han så brått døydde.

Han hadde det nok ikkje alltid lett i arbeidet med å bygga opp denne nye store museumsinstitusjonen. Skjera i sjøen har vore mange. Det har gått lang tid frå han tok til med arbeidet i 1980, og til grunnsteinen endelig vart lagd ned våren 1998. Og han hadde sanneleg sine tunge dagar då diskusjonen gjekk som varmast dette siste året – vel ikkje så mykje i høve til det konkrete innhaldet i diskusjonen, men meir i frykt for at denne mediestormen igjen skulle føra til at bygginga av dette, for han og for nasjonen, så viktige museet, skulle bli utsett endå lenger. 28. april 1998 var difor ein god dag for Jone. Då vart grunnsteinen endelig lagt ned.

Sjølv om den offentlege Jone hadde dei flest arbeidsdagane sine i heimfylket og i heimbyen, var det ikkje han likt, å vera navlebeskuande. Han såg sitt eige arbeid i ein større samanheng, og vart også ein sentral person i den nasjonale museumsverda. Både ICOM-Norge – den nasjonale delen av den verdsomfattande museumsorganisasjonen, og dåverande NKKM – nå Norges Museumsforbund – fekk nyta godt av hans entusiasme og organisatoriske givnad.

Det er ikkje for sterkt å påstå at me har Jone å takka for den vellukka ICOM-konferansen i Stavanger frå 1. til 7. juli 1995. Han kom med ideen, og han var pådrivaren i det innleiande arbeidet som førde til at hovudkontoret i Paris aksepterte Stavanger som møtestad for all verdas museumsfolk den veka, i konkurranse med storbyar som Wien og Praha.

Sjølv fekk eg gleda av å sitja saman med Jone i styret for Norske Kunsthistoriske Museer i fleire år. Han kom inn i det styret som vara-medlem i 1986 og vart innvald som fullverdig styremedlem i 1988. Han var ein aktiv deltakar både på styremøta, i dei komiteane han vart vald inn i, og ikkje minst på årsmøta. Han la ned eit stort arbeid for å få skikk på det organisatoriske i NKKM og var den me vende oss til dersom me

køyrde oss fast i dei formelle irrgangar. Dukka det opp spørsmål om dagsordenen eller regelverk, høyrd me straks i korridorane: Kor er Jone?

På grunn av arbeidssituasjonen sin og helsa, fann han å måtte trekka seg frå styret i NKKM i 1991. Han hadde fått den endelege angina-diagnosen ved årsskiftet 1986-87 og vart operert i Skottland våren 1988.

Nå kom han seg nokså raskt etter dette. Men seinare vende problema tilbake. Me som ikkje omgjekk han dagleg, visste nok at han var sjuk, men når eg møtte han og veksla nokre ord med han i byen, og spurde korleis det stod til, fekk eg alltid nøkterne svar tilbake. Eg høyrd eigenleg aldri at han klaga på sjukdomen, sjølv om han nok kunne ha gode grunnar til det. Særleg har det siste halvåret vore tungt. Men han ville ikkje gi opp. Difor gjekk han og i full stilling til det siste, sjølv om me i ettertid kan seia at han kanskje burde trappa ned for fleire år sidan.

Han hadde ein vilje til å stå på og prøva og løysa dei oppgåvene han hadde teke på seg. Han syntest ikkje det var rett å gi opp. Dette fortel mykje om den private Jone; den Jone me andre berre fekk oppleva i små glimt; den Jone som de i familien var så glade i.

På trass av sine mange offentlege roller var Jone eigenleg ein beskjeden mann, ja – helst innavendt. Han slapp ikkje kven som helst inn på seg. Han var beint fram sjenert. Derfor har me heller ikkje sett han så mykje framme i mediabiletet som me kunne ha venta av ein direktør på Norsk Oljemuseum. Han var meir oppteken av å gjera det arbeidet han var sett til, på ein ærleg og skikkeleg måte, enn å framheva seg sjølv. Han ville vera til å stola på. Ja, Ingrid har fortald meg at ho til tider syntest han var for skikkeleg, for ordentleg.

Jone var ein kunnskapsrik mann. Han hadde interesser over eit vidt felt, og las mykje. Og han likte å reisa. Han var ikkje særleg begeistra for varmen. Difor fann han helst sine reisemål i Nord-Europa. Han likte seg godt i England, han drog gjerne til Paris, sølvbryllupet feira han og Ingrid i Berlin. Og så var han svært glad i Stockholm. Han fekk visstnok ikkje nok av Stockholm. Som me kan forstå, fann kanskje familien elles det litt påfallande at han så ofte drog til byar der det var mange og spanande museer, men også katedralar var faste reisemål. Han likte å oppsøkja katedralar, Jone. Katedralar gir rom for refleksjon.

Eg lyser fred over Jone sitt minne.

Arnvid Lillehammer